

Tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar (ungdomsparti)

- Retningslinjer

Føremål med ordninga:

Tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar (ungdomsparti) skal styrke dei politiske ungdomsorganisasjonane i Vestland og med det bidra til auka politisk deltaking blant unge i fylket.

Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar.
Ordninga skal fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati.

Kven får tilskot:

- Støtteordninga er meint for dei regionale ungdomspolitiske organisasjonane der moderpartiet har eit eller fleire medlemmer i Vestland fylkesting

Krav til søkjar:

- Søkjar skal ha organisasjonsnummer og då vere registrert i Brønnøysundregisteret
- Moderpartiet skal vere representert i Vestland fylkesting
- Organisasjonen skal sende søknad til Vestland fylkeskommune innan 31. mars kvart år
- Følgjande dokumentasjon må liggje ved søknaden:
 - o Organisasjonen sitt organisasjonsnummer
 - o Årsmøtereferat
 - o Årsrapport frå året før søknadsåret
 - o Godkjent rekneskap frå året før søknadsåret

Tilgjengelege midlar til føremålet vert tildelt som følgjer:

- Dei organisasjonane som sender inn søknad innan fristen og stettar krava til søkjar skal tildelast eit grunnbeløp på kr 20 000.
- Det resterande beløpet blir fordelt mellom dei organisasjonane som stettar krava i høve til resultatet i sist fylkestingval for moderpartiet
 - o Formelen for dette vert:
 $((Moderpartiet sitt valresultat/summen av prosent på dei organisasjonen som stettar krava) \times (avsett sum til føremålet-samla sum av grunnbeløpa som vert utbetalt))$

Tildeling:

Fylkesdirektøren får fullmakt til å fordele tilgjengelege midlar ved administrativt vedtak i samsvar med desse retningslinjene.

Klage Vedtak

Vedtaket kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søker tok imot melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen vert sendt til Vestland fylkeskommune.